

Intensjonsavtale Interkommunalt samarbeid Bokbuss

Partar

Osterøy kommune, org.nr. 864 338 712 og Alver kommune, org.nr. 920 290 922

Avtalen sitt formål

Avtalen viser ein felles intensjon om samarbeid om innkjøp og drift av bokbuss. Avtalen skisserer opp punkt som må drøftast mellom Alver kommune og Osterøy kommune i det vidare arbeidet. Avtalen stadfestar samarbeidet som grunnlag for søknadar om tilskot frå andre aktørar til utvikling og innkjøp.

Bakgrunn

Alver kommune og Osterøy kommune (partane) har politiske vedtak om å samarbeide om innkjøp og drift av bokbuss. Ein ny bokbuss må vere utsleppsfri, med elektrisk drift. Partane skal innleie drøftingar knytt til eit samarbeid om innkjøp og drift av bokbuss. Endelege vedtak må gjerast av partane med omsyn til finansiering og samarbeidsform.

Partane har i dag begge bokbuss. Desse fungerer som sentrale bidrag frå folkebiblioteka til skulebiblioteka, utgjer i begge kommunane ein grunnleggande del av skulebibliotekstilbodet i tråd med opplæringslova, og verker som mobile formidlings- og kulturarenaer for både barn og vaksne.

Partane sine bokbussar er ved slutten av levetida si, og det må investerast i ny buss(ar) for å oppretthalde tilboda. Alver kommune tek utgangspunkt i eit behov for bokbuss i drift tre-fire dagar i veka, medan Osterøy kommune har behov for bokbuss i drift ein til to dagar i veka.

Punkt til avklaring

Partane skal planlegge gjennomføring av relevante politiske vedtak, med omsyn til eit interkommunalt samarbeid om innkjøp og drift av bokbuss. Ein endeleg avtale må avklare følgjande punkt:

- Eigarskap
 - Eigarskapet til bussen kan vere som eit sameige med ein fordelingsnøkkel mellom partane, eller der ein av partane eig bokbussen og den andre leiger han.
- Driftsspørsmål
 - Krav og behov partane har til køyretøy
 - Erfaringsvurdering frå andre kommunar
 - Tenleg bemanning, med omsyn til type køyretøy, vikarar ved sjukdom, samarbeid på tvers av partane
 - Forvaltning og system knytt til boksamling og utlån
 - Reinhold, parkering/lading, verkstad/repasasjon, transportetappar mellom kommunane

Framdriftsplan, første fase

Avtalen viser i første rekke til i ein kunnskapsinnhentande og utgreiande fase hausten 2023, i samarbeid mellom partane for å gjere avklaringar. Partane skal søkje midlar til tiltaket frå andre aktørar.

Vidare prosess og formelt prosjektmandat vert utarbeidd og handsama når partane er klare med finansieringsvedtak/økonomiplan.


Intensjonsavtalen er gyldig frå den er signert, og ut 2025.

Osterøy 19.09.23



Olaf Hella
Kommunalsjef
Oppvekst, undervisning og kultur
Osterøy kommune

Knarvik 19.09.23



Eirik B. Utne
Alver kommune
Kultursjef

Eirik Bouwer Utne
Tenesteleiar kultur
Samfunnsutvikling
Alver kommune